

Forskrift om krins- grensar for grunn- skulane i Bømlo



09.11.2016

Rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 05.12.2016

Birgit Esperø (KrF) la fram ei tilføyning i punkt 3 i rådmannen sitt framlegg slik:
Endringa skal ikkje føre til at elevar må byte skule. Søsken skal ha rett til å gå på same

skule. Det blei røysta punktvis:

Punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3: Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg mot framlegget frå Birgit Esperø (KrF). Framlegget frå Birgith Esperø (KrF) vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

1. Utval for oppvekst, kultur og idrett innstiller ovanfor kommunestyret å vedta forskrift om skulekringsgrenser i Bømlo kommune slik han ligg føre.
2. Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.01.17.
3. Endringane skal ikkje føre til at elevar må byte skule. Søsken skal ha rett til å gå på same skule
4. Verknadstidspunkt for flytting av skulekringsgrensa for Meling skule til å inkludere Stavland/Stavlandsneset til og med gnr. 108 i søraust og til og med gnr. 97 og 98 i nord/nordaust vert sett til skulestart hausten 2019.
5. Verknadstidspunkt for flytting av skulekringsgrensa for Rubbestadneset skule til å inkludere Innvær til og med gnr. 86 i sør/sørvest vert sett til oppstart av første skuleår etter at stien frå tunellopinga i sørvest opp mot skulen er utbetra.

1. Forankring i lovverket

Opplæringslova § 8-1- lyder: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til.»

2. Inntaksområde for barneskulane

Bømlo kommune har 9 krinsar med barneskular: Espevær, Hillestveit, Våge, Gilje, Meling, Svortland, Rubbestadneset, Foldrøy og Moster.

Grensene mellom dei ulike skulane er teikna inn på oversiktskart for kommunen. Av kartet er det mogleg å identifisere kva skulekrins husstanden høyrer til. [Lenke til kart.](#)

3. Inntaksområde for ungdomsskulane:

Bremnes ungdomsskule:	barneskulekrinsane Våge, Gilje, Svortland, Foldrøy og Meling
Rubbestadneset ungdomsskule:	barneskulekrinsen Rubbestadneset
Hillestveit ungdomsskule:	barneskulekrinsane Hillestveit og Espevær
Moster ungdomsskule:	barneskulekrinsen Moster

4. Tildeling av plass

Husstandane i dei ulike skulekrinsane soknar som hovudregel til skulen i eige krinsområde. Ved tildeling av plass kan det takast omsyn til (ikkje prioritert):

- Geografiske og trafikale forhold
- Om eleven har søsken med skuleplass på same skule
- Om det er kapasitet på den einskilde skule

Elevar på 1. trinn vert tildelt skuleplass i januar månad, det året dei byrjar på skulen.

5. Klagerett

Tildeling av skuleplass i høve til opplæringslova § 8-1, er i medhald av forvaltningslova eit enkeltvedtak. Vedtaket kan påklagast, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå det tidspunkt føresette/eleven fått tildelt plass, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29. Ein eventuell klage må vera skriftleg og grunngjeven og den skal sendast til skulen.

Dersom kommunen ikkje tar klagen heilt eller delvis til følgje, vil klagen med alle vedlegg bli sendt vidare til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming. Vert klagen teke delvis til følgje, vil eit nytt vedtak med ny frist for klage, bli sendt til Dykk frå kommunen. Fylkesmannen si avgjerd er endeleg og kan ikkje påklagast.

6. Iverksetjing

Forskrifta gjeld frå og med 01.01.17.

6.1. Verknadstidspunkt for flytting av skulekringsgrensa for Meling skule til å inkludere Stavland/Stavlandsneset til og med gnr. 108 i søraust og til og med gnr. 97 og 98 i nord/nord aust vert sett til skulestart hausten 2019.

6.2. Verknadstidspunkt for flytting av skulekringsgrensa for Rubbestadneset skule til å inkludere Innvær til og med gnr. 86 i sør/sørvest vert sett til oppstart av første skuleår etter at stien frå tunellopinga i sørvest opp mot skulen er utbetra.

7. Skildring av dei einskilde skulekrinsane

Tekstskildringane under er ikkje uttømmande og kartet visar gjeldande grenser.

7.1. *Bremnes ungdomsskule*

Elevar som soknar til Bremnes Ungdomsskule kjem frå skulekrinsane:

- Foldrøy
- Gilje
- Meling
- Svortland
- Våge

7.2. Espevær skulekrins

Espevær skulekrins består av gnr 46; Espevær.

7.3. Foldrøy skulekrins

- I nord/nordvest: Til og med gnr 109; Brendesæter og Bråtaneset, mot grensa til gnr 86; Innvær.
- I vest: Til og med gnr 85; Ekornsæter
- I sør: Grensa mot gnr 118; Ersland og gnr 7; Oldereide
- I søraust: Til og med gnr 29; Stokka og gnr 30; Siggjarvågen

7.4. Gilje skulekrins

- I nord: Til og med gnr 110; Alvsvåg, gnr 111; Mæland nordre, gnr 114; Gilje, mot grensa til gnr 109; Svortland.
- I aust: Til og med gnr 117; Thormodsæter og gnr 118; Ersland, mot grensa til gnr 85; Ekornsæter
- I sør: Til og med gnr 117; Thormodsæter, mot grensa til gnr 119; Stautland

7.5. Hillestveit skulekrins

Barneskulen ved Hillestveit går frå og med gnr. 41; Husa i nord og omfattar alle gardsnummer vidare sørover med unnatak av gnr. 46; Espevær.

Ungdomsskulen ved Hillestveit omfattar alle gardsnummer frå og med gnr. 41; Husa og vidare sørover, inkludert gnr. 46; Espevær.

7.6. Meling skulekrins

- I nord, nordaust: Til og med gnr. 97; Søvoll og gnr 98; Sæverud (utan Sæverudsøy)
- I søraust: Til og med gnr 108; Stavland, mot gnr 109; Svortland, vidare ut Straumfjorden og mellom Hallaråker-landet, Alvsvågs-landet og mellom Fylkesnes og Litla-Hiskjo.
- I sør: Til og med gnr 130; Hiskjo og gnr 131; Hiskholmen
- I vest: Føl grenselinja for gnr 97 over Klovøya, vidare ut i Øklandsosen: nord for Hillesøy, mellom Rogøy og Bukkøy, mellom Rogøy og Reimersholmen.

7.7. Moster skulekrins

- I nord: Til og med gnr 9; Håvik, mot grensa til gnr 29; Stokka og gnr 30; Siggjarvågen
- I aust: Kommunegrensa mot Stord
- I vest: Til og med gnr 8; Håvik ytre

7.8. Rubbestadneset skulekrins

- I sør og sørvest: Til og med gnr 86; Innvær
- I nordvest: Austsida av Selsfjorden og Goddosen
- I nord og aust: Kommunegrense mot Fitjar

7.9. Svortland skulekrins

- I nord: Kommunegrensa mot Austevoll og Fitjar
- I nordaust: Vestsida av Selsfjorden og Goddosen
- I aust: Grensa mot gnr 86; Innvær
- I vest: Til og med gnr 96; Habbastad sør, grensa mot gnr 97; Søvoll og gnr 98; Sæverud. (Sæverudsøy høyrer til Svortland skulekrins.)
- I sør: Til og med gnr 109; Svortland. Til grensa for gnr 110; Alvsvåg, gnr 111; Mæland nordre, gnr 114; Gilje.

7.10. Våge skulekrins

- I sør: Til og med gnr 141; Grutle og gnr. 142; Hope, mot grensa til gnr 41; Husa
- I aust: Til og med gnr 5; Sakseid indre og gnr 6; Finnås Prestegard, mot grensa til gnr 8; Håvik ytre
- I nord: Til og med gnr 7; Oldereide og gnr 119; Stautland